



Arne@abo-ark.no

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/582 - 22/386

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
20.01.2022

Rammeløyve til å leggja røyr i sjø for CO₂.

Administrativt vedtak. Saknr: 003/22

Saksutgreiing:

Byggeplass :

I sjø frå grensa mellom Fedje og Øygarden på austsida av Fedje, gjennom Fedjeosen og ut til ein nautisk mil utanfor grunnlinja.

Type arbeid : Legging av røyrleidning for transport av CO₂ med naudsynte steinfyllingar.

Tiltakshavar : Equinor ASA v/ Laurence Pinturier

Ansvarleg søkjar : ABO Plan & Arkitektur AS

Ansvarleg prosjekterande :

Subsea 7 Norway AS – steinfyllingar, støtefyllingar og røyrleidning

Ansvarleg kontrollerande for prosjektering :

Equinor ASA – geoteknikk for steinfyllingar og støtefyllingar
konstruksjonssikkerhet for røyrledning

Ansvarleg utførande :

Ansvarleg kontrollerande for utføring :

Om tiltaket :

Søknaden gjeld rammeløyve for legging av røyr for transport av CO₂.

Tiltaket tar til i Øygarden kommune, passerer sjøarealet til Fedje kommune og fortsetter ut i Nordsjøen. Søknaden gjeld den delen av røyrleidningen som ligg innafør området der Fedje kommune har mynde etter plan- og bygningslova.

Det er halde førehandskonferanse.

Kommuneplan / reguleringsplan :

Søknaden er i samsvar med reguleringsplan vedteken av kommunestyret i Fedje kommune den 24. september 2019 i k-sak 058/19.

U-864

Røyrleidningen går aust og nord for vraket av U864. Minste avstand er 1100 meter.

Fiberkabel

Telefon- og datasamband til Fedje går via fiberkabel i sjø. Kabelen startar i Øygarden. CO₂-røyrret vil kryssa denne fiberkabelen.

Ansvarleg søkjar skriv om dette i brev datert 5. januar 2022:

Equinor arbeider med dei ulike kryssingsavtalene nå. Det er etablert kontakt med Telenor og de har vært møte med Telenor for å drøfte tekniske detaljar kring kryssinga. Ein planlegg å ha på plass ei kryssingsavtale for kryssing av fiberkabel innan oppstart av arbeidet med steininstallasjon på denne kryssingslokasjonen.

Nærare detaljer om dette kan sendast når dette er klart, f. eks. i samband med søknad om igangsetting. Sjølve avtalene kan ikkje offentleggjerast.

Etter § 28-1 , første ledd i plan- og bygningslova, kan ikkje grunn byggast på dersom det oppstår vesentleg ulempe. Brot i datasambandet til Fedje vil vera ein vesentelg ulempe for fedjesamfunnet.

Nabovarsel :

Kvittering for nabovarsel er ikkje levert.

I denne saka er det ikkje naboar slik dei er definerte i plan- og bygningslova. Interessene til fiskeri, havnemynde, naturvern mv er teke vare på i samband med handsaminga av reguleringsplanen.

Tiltaksklasse :

Søkjar ber om at tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 2.

Ansvar :

Erklæringar om ansvarsrett er levert. Erklæringane dekker all prosjektering og kontroll.

Kontroll :

Etter § 14-2 i forskrift om byggesak (SAK) skal det i tiltaksklasse 2 vera uavhengig kontroll av geoteknikk og konstruksjonssikkerhet.

Etter § 14-2 i SAK skal all kontroll vera uavhengig.

Equinor ASA har levert erklæring om ansvarsrett for kontroll. Equinor ASA har kontrakt med Subsea 7 Norway AS om prosjekteringa som Equinor ASA skal kontrollera.

Equinor ASA v/ Laurence Pinturier har i ein e-post datert 10. november 2021 gjort greie for kvifor dei meiner at Equinor kan gjennomføra uavhengig kontroll. Fedje kommune aksepterer argumenta.

Hamne- og farvannslova

Fedje kommune gjer merksam på at tiltaket og krev løyve etter hamne- og farvannslova.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

ABO Plan & Arkitektur AS får rammeløyve til å leggja røyrleidning for transport av CO₂ med naudsynte steinfyllingar i sjø frå grensa mellom Fedje og Øygarden på utsida av Fedje, gjennom Fedjeosen og ut til grunnlinja.

Equinor ASA v/ Laurence Pinturier er tiltakshavar.

Erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova, er levert.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 2.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Fedje kommune krev at det ligg føre avtale med Telenor som sikrar Fedje mot brot i datasambandet. Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før avtale ligg føre og Fedje kommune er gjort kjent med innhaldet i avtalen. Lovheimel: § 28-1 i plan- og bygningslova.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne@abo-ark.no

Equinor ASA v/ Laurence Pinturier